

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Roar Nasset, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/6047-7

### Revisjon av verdigrunnlaget

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner denne verksemdsideen for fylkeskommunen:
  - Demokratisk forankra og vernar om demokratiet
  - Leverer gode tenester og bidreg til utvikling av fylket
  - Har høg tillit i samfunnet.
2. Fylkestinget vedtek at det overordna verdisettet for fylkeskommunen er:
  - Innsikt, integritet, respekt og openheit
3. Fylkestinget føreset at vidare retningsliner og døme byggjer på saksførelegget i denne saka.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Profilen på ulike verdsett i offentlig forvaltning har endra seg mykje på 20 år. Fokus i vårt eige verdigrunnlag har i stor grad vore prega av eit internt fokus på medarbeidarar og organisasjon. I høve seinare utarbeidde heilskaplege verdsett i offentlege organ, har verdigrunnlaget vårt av 2001 mindre fokus på forhold som openheit, service, korrupsjonsutfordringar og intern kontroll.

Dei samla etiske styringsverktøya vi har i dag inneheld svært mange ulike punkt, og det litt vanskeleg å skilje mellom alle «oppramsingane». Nokre punkt glir litt over i kvarandre og andre ting kan vere utegløynd utan at dette er lett å oppdaga.

Det vert no gjort framlegg om slik ny verksemdside for fylkeskommunen:

Demokratisk forankra og vernar om demokratiet
Leverer gode tenester og bidreg til utvikling av fylket
Har høg tillit i samfunnet

Framlegg til nytt overordna verdsett:

#### **innsikt, integritet, respekt og openheit**


Det reviderte verdigrunnlag er forankra og utarbeidd i dialog med alle administrative grupper mv: Rektormøta, kliniksjeffmøte, avdelingane i sentraladministrasjonen og partssamansette utval.

### 2. Bakgrunn for saka

Dei samla etiske styringsverktøya i fylkeskommunen består i dag av (1) etiske prinsipp og (2) etiske retningslinjer (fastsett av fylkestinget i 1993), (3) verdigrunnlaget (fastsett av fylkesrådmannen i 2001), (4) regelverk for leiarar i fylkeskommunen (avleia av verdigrunnlaget) og (5) reglar for varsling. Styringsverktøya er distribuert til alle tilsette og nytta overfor alle nye tilsette. Dei seinare åra har regelverket vore teke inn i dei årlege budsjetta. Du finn også eit oversyn på portalen under fana «Styringssystem».

Regelverket gjeld også folkevalde og vert brukt ved opplæringa av nye folkevalde.

På leiarsamlinga i Florø i fjor haust tok fylkesrådmannen til orde for at vi kanskje bør revidere og forenkle det etiske styringssystemet. Dei samla etiske styringsverktøya inneheld svært mange ulike punkt, og det litt vanskeleg å skilje mellom alle «oppramsingane». Nokre punkt glir litt over i kvarandre, nokre ting kan vere utegløynd utan at dette er lett å oppdaga.



Fylkesrådmannen legg no fram ei sak til revisjon av verdigrunnlaget som inneheld øvste delen av verdipyramiden; overordna verdiar og nærare forklaringar til desse. Vidare er det freista å gje døme og retningslinjer for kvar verdi; altså har vi slege saman dei to nedste områda i trekanten:

### **3. Utgangspunkt for eit verdigrunnlag**

#### *Eksisterande verdigrunnlag*

I sak til Fylkestinget i 1993 om etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Sogn og Fjordane heiter det i føremålsparagrafen:

#### «Føremål

Føremålet med retningslinjene (etiske retningslinjer) er å skape betre medvit om haldningar og etikk og dermed å styrke innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i fylkeskommunen.»

Eg meiner at dette også er eit godt utgangspunkt for revisjonsarbeidet.

#### *Kommunelova*

Også kommunelova sine føremålsparagrafar er eit sentralt grunnlag for verdigrunnlaget.

#### «§1 Lovens formål.

Formålet med denne lov er å legge forholdene til rette for et funksjonsdyktig kommunalt og fylkeskommunalt folkestyre, og for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale og fylkeskommunale fellesinteresser innenfor rammen av det nasjonale fellesskap og med sikte på en bærekraftig utvikling. Loven skal også legge til rette for en tillitskapende forvaltning som bygger på en høy etisk standard.


....

#### §4 Informasjon om kommunens og fylkeskommunens virksomhet.

Kommuner og fylkeskommuner skal drive aktiv informasjon om sin virksomhet. Forholdene skal legges best mulig til rette for offentlig innsyn i den kommunale og fylkeskommunale forvaltning»

Desse to paragrafane var nye då vi fekk ny kommunelov i 1993.

#### *Verdisett i endring*



Profilen på verdisetten i offentlig forvaltning har endra seg mykje på 20 år. Fokus i vårt eige eksisterande har i stor grad vore prega av eit internt fokus med særleg vekt på medarbeidarar og organisasjon. I høve eit meir moderne heilskapleg verdisett er det mindre fokus på verdiar som openheit, service, korrupsjonsutfordringar og intern kontroll. Eit eksempel på ein nyare tilnærming til verdi- og idégrunnlag i offentlege organisasjonar finn vi m.a.

hjá Domstolane i Norge (sjå figur til venstre)


Ved utarbeiding av eit revidert verdigrunnlag for fylkeskommunen, kan dette vere ei openberr kjelde til inspirasjon

Ei anna slik kjelde kan vere KS sin etikkportal. Sentrale stikkord frå denne portalen er habilitet, etikk og tenestekvalitet, antikorrupsjon, varsling, eigenkontroll, openheit og tillit.

#### **4. Verdier – basis og verkemåte**

Ei verksemd kan ikkje styrast berre med mål og reglar. Eit idégrunnlag og ein visjon dekkjer eit immaterielt styringsbehov og skapar større fleksibilitet i leiing og styring. Idégrunnlaget er summen av verksemdsideen (grunnlaget for at vi er til) og verdigrunnlaget.

Til hjelp i arbeidet med å utvikle eit revidert verdigrunnlag tek vi utgangspunkt i ein verksemdsidé for fylkeskommunen ( vi har ikkje tidlegare utarbeidd det):



Eit verdigrunnlag verkar ikkje i eit vakuum. Fylkeskommunen sitt verdigrunnlag handlar om tilhøvet til t.d.:

- Samfunnet
- Organisasjonen
- Veljarane
- Tilsette
- Brukarane
- Miljøet

#### *Verdigrunnlaget – utgangspunktet for visjon, mål og resultatstyring*

God informasjon om eigne resultat er ein føresetnad for at organisasjonar skal kunne tilpasse seg samfunnsendingar og prestere i forhold til måla for verksemda. Krava frå politiske styresmakter, samarbeidspartar og brukarar er store. Samstundes er ressursane våre avgrensa. Klare prioriteringar og god styring er nødvendig for å oppnå god kvalitet på tenestene og utnytte ressursane effektivt. Mål- og resultatstyring inneber at overordna politisk fastsette mål for verksemda vert konkretiserte på ein slik måte at resultatata kan målast, vurderast og følgjast opp gjennom nødvendige utviklings- og forbetringstiltak.

Verdigrunnlaget vårt bør vere plattformen som organisasjonen sine visjonar og mål spring ut frå. Det er difor viktig at vi i utforminga av verdigrunnlaget har med oss tankar om korleis dette konkret skal vere med på å prege utforminga av heilt konkrete målsettingar som vert lagde inn i målekartet for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## **5. Verdigrunnlaget for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Dei grunnleggjande verdiane våre er:

### **innsikt, integritet, respekt og openheit**

Verdigrunnlaget er eit uttrykk for det vi arbeider for å oppnå og ønskjer å halde fast på. Det gjeld for både folkevalde og tilsette i fylkeskommunen. Alle har eit sjølvstendig ansvar for sine eigne handlingar, og alle skal arbeide for god etisk praksis.

Verdigrunnlaget er eit felles sett av verdiar som skal hjelpe oss å utvikle og nå måla, visjonane og strategiane til fylkeskommunen. Verdiane er basis for alle handlingane våre, så vel internt som andsynes omverda. Verdigrunnlaget gjeld difor forholdet til samfunnet og veljarane, fylkeskommunen som organisasjon, tilsette, brukarar og miljøet.

#### Samfunnet og veljarane

Fylkeskommunen skal utvikle og forpakte verdiar i vidaste meining og til beste for samfunnet. Det skal vi gjere utan å gjere skade på menneske, miljø, materielle verdiar eller samfunnet elles. Vi skal forvalte midlane og ressursane i fylkeskommunen så rasjonelt, berekraftig og økonomisk som mogeleg.

Både tilsette og folkevalde pliktar å følgje lover, forskrifter og reglement som gjeld for fylkeskommunen. Det betyr at alle lojalt skal følgje både politiske og administrative vedtak.

Som folkevalde og tilsette kan vi kome i situasjonar som gir oss sjansen til å misbruke posisjon, tillit og makt. Personar utanfor fylkeskommunen kan også fremje særinteresser og utøve press som kan vere vanskeleg å handtere, og som kan setje den integriteten til den enkelte på prøve.

Vi må vere medvitne om risikoen for korrupsjon og arbeide med å førebygge og hindre at det får utvikle seg. Kontroll og oppfølging er viktig for å førebygge og avdekke utilbørlege handlingar eller korrupsjon. Kontroll skjer mellom anna gjennom openheit og innsyn i den fylkeskommunale verksemda. Det sikrar også rettstryggleiken til den enkelte og sikrar god etisk standard.

Gjennom å vise omverda at vi tek risikoen for korrupsjon på alvor, signaliserer vi at vi vil sikre høg etisk standard. Vi markerer at det ikkje løner seg å misbruke posisjon og tillit for å tilgodesjå seg sjølv eller andre – eller å setje fram tilbod om det.

#### Fylkeskommunen

Fylkeskommunen er eit arbeidsfellesskap der både folkevalde og tilsette må yte sitt for å realisere visjonane, måla og verdiane til organisasjonen. Saman skal vi skape ein organisasjon som vi kan vere stolte av, og som er respektert av andre.

Effektiv ressursbruk er naudsynt for at fylkeskommunen skal oppfylle mål og plikter overfor samfunnet og brukarar. Når vi utøver mynde som forvaltarar er det viktig at vi er lojale mot skrivne og uskrivne lover om god forvaltningsskikk. Vi skal handsame saker grundig utan unødige tidsbruk, samstundes som vi respekterer ålmenne krav på innsyn i sakshandsaminga. Vi skal utnytte ressursane effektivt utan å misbruke fylkeskommunale verdiar, og vi skal opptre profesjonelt i alle forretningstilhøve.

Det er viktig å utøve myndigheit på ein trygg måte. Slik skaper vi eit levande lokaldemokrati og ei tillitsskapande forvaltning.

### Folkevalde og tilsette

Fylkeskommunen skal medverke til at tilsette og folkevalde utviklar seg fagleg og menneskeleg. Slik kan dei utvikle potensialet sitt til beste for både seg sjølve og fylkeskommunen.

Forholdet mellom folkevalde og tilsette og innbyrdes dei imellom bør vere prega av tillit, ansvar, engasjement, entusiasme, integritet, ærlegdom, rettferd og lojalitet. Kvar og ein har plikt til å stå for og praktisere dei etiske verdiane til fylkeskommunen.

Tenestemenn og folkevalde er inhabile dersom dei har tilknytning til ei sak eller til partar i saka som kan skape tvil om dei vil handsame saka på en objektiv og upartisk måte. Føremålet med inhabilitetsreglane er å sikre korrekte avgjerder, oppretthalde tilliten til dei som avgjer, og trygge avgjerdestakarane mot at det kan reisast tvil om truverdet deira. Objektivitet er avgjerande for at ålmenta skal ha tillit til at det skjer ei forsvarlig saksbehandling..

Både tilsette og folkevalde skal varsle om kritikkverdige forhold i fylkeskommunen. Det er både lovleg og ynskt og gjeld også når varslinga kjem i konflikt med, eller kan skade interessene til fylkeskommunen. Hemn eller straff for forsvarleg varsling er forbode. Det er viktig for å sikre trygge rammer for varslaren. Vernet gjeld alle former for irettesettande tiltak som til dømes ugrunna omplassering, dårlegare lønsutvikling, fråtak av arbeidsoppgåver, oppseiing og avskil.

### Brukarar og publikum

Brukarane er ofte avhengige av tenestene frå fylkeskommunen. Det kan gjere dei sårbare og gir oss stor makt. Ein fylkeskommune med høg etisk standard, har folkevalde og tilsette som reflekterer over etiske spørsmål og jamleg har etikk på dagsorden.

I møtet med brukarane skal du vise respekt for den enkelte, ta vare på velferden og tryggleiken deira og ta omsyn til teieplikta.

Vi skal levere det brukaren treng til rett tid og til rett kvalitet. Vi skal legge vekt på nærleik, menneskeleg behandling, kvalitet, kompetanse og effektivitet. Tillit og truverde står sentralt i forhold til brukarane våre.

### Miljøet

Vi har ansvar for å forvalte ressursane vi har, på ein god måte, spesielt dei ikkje-fornybare ressursane.

Vi vil ei berekraftig samfunnsutvikling, som sikrar livskvaliteten og livsgrunnlaget både i dag og for komande generasjonar. Aktivitetane i lokalsamfunna skal skje innan bereevna til naturen både lokalt og globalt, og vi ønskjer difor å redusere ressursforbruket og miljøbelastninga.

Vi skal ta omsyn til verknadane handlingane våre kan ha for det globale miljøet. Vi skal unngå ureining og bør arbeide for å minske øydeleggingane dersom ulukker skjer.

## **6. Døme på retningsliner for kvar verdi.**

Nedanfor er det gjort eit forsøk på å vise døme for kva verdigrunnlaget konkret betyr for kvar verdi.

*Innsikt; vi skal aktivt skaffe oss innsikt i noko*

- For å kunne vere ein god tenesteytar eller ein viktig samarbeidspart i utviklingsarbeidet er det viktig med innsikt i samfunnstilhøva og -utviklinga i fylket.
- Det krev særeigen innsikt i det å arbeide eller vere ombodsmann i ein politisk styrd organisasjon.
- For at fylkeskommunen skal oppfylle mål og plikter overfor samfunnet og brukarar, krev det innsikt i arbeidet(-prosessane) for å sikre effektiv ressursbruk.
- Ein fylkeskommune med høg etisk standard, har folkevalde og tilsette som set seg inn i og reflekterer over etiske spørsmål og jamleg har etikk på dagsorden.

*Integritet; vi har vilje til og evne til å halde på viktige prinsipp og vere sjølvstendige*

- Objektivitet er avgjerande for at ålmenta skal ha tillit til at det skjer ei forsvarlig saksbehandling.
- Som folkevalde og tilsette kan vi kome i situasjonar som gir oss sjansen til å misbruke posisjon, tillit og makt. Personar utanfor fylkeskommunen kan fremje særinteresser og utøve press som kan vere vanskeleg å handtere, og som kan setje integriteten til den enkelte på prøve.
- Vi må vere medvitne om risikoen for korrupsjon og arbeide med å førebygge og hindre at slik åtferd utviklar seg. Vi skal markere at det ikkje løner seg å misbruke posisjon og tillit for å tilgodesjå seg sjølv eller andre – eller å setje fram tilbod om det.
- Både tilsette og folkevalde skal varsle om kritikkverdige tilhøve i fylkeskommunen. Varsling er også ønskjeleg sjølv om den kjem i konflikt med eller kan skade interessene til fylkeskommunen.

*Respekt; vi har respekt for noko(n), viser respekt og tek omsyn*

- Fylkeskommunen skal utvikle og forpakte verdiar i vidaste meining og til beste for samfunnet.
- Tilhøvet mellom folkevalde og tilsette bør vere prega av tillit, ansvar, engasjement, entusiasme, integritet, ærlegdom, rettferd og lojalitet.
- I møtet med brukarane skal vi vise respekt for den enkelte, ta vare på velferda og tryggleiken deira, og ta omsyn til teieplikta.
- Vi ønskjer ei berekraftig samfunnsutvikling, som sikrar livskvaliteten og livsgrunnlaget både i dag og for komande generasjonar.

*Openheit; fylkeskommunen er demokratisk forankra og vi vernar om demokratiet*

- Kontroll skjer mellom anna gjennom openheit og innsyn i den fylkeskommunale verksemda. Det sikrar også rettstryggleiken til den enkelte og sikrar god etisk standard.

- Det er viktig å utøve myndigheit på ein trygg måte. Slik skaper vi eit levande lokaldemokrati og ei tillitsskapande forvaltning.
- Fylkeskommunen skal drive aktiv informasjon om si verksemd.
- Vi skal legge tilhøva til rette for eit funksjonsdyktig fylkeskommunalt folkestyre, for offentlig innsyn i fylkeskommunen si forvaltning og for ei rasjonell og effektiv forvaltning.

## **7. Forankring av verdigrunnlaget**

Eit suksesskriterium for etikkarbeid er forankring hjå leiinga og dei tilsette. Dialog med alle grupper er heilt naudsynt.

Fylkesrådmannen si leiargruppe har drøfta både framlegget både til verksemds-ide, nytt verdigrunnlag og døme på retningsliner for kvar verdi. Dette skjedde 16.juni 2014 og vidare i utvida leiargruppe for sentraladministrasjonen 19.august 2014.

Vidare er det reviderte verdigrunnlag forankra og utarbeidd i dialog med alle administrative grupper mv: Rektormøta, kliniksjeffmøte, avdelingane i sentraladministrasjonen og partssamansette utval.

Etter rektormøtet kom det inn merknader til verdigrunnlaget frå nokre rektorar. Fylkesdirektøren for opplæring har vurdert innspela og finn at dei ikkje er grunn til å endre det framlagde verdigrunnlaget. Tilsvarande er det motteke eit innspel frå ein klinikleiar i tannhelsetenesta. Direktøren for tannhelsetenesta finn heller ikkje at det er grunn til å endre det framlagde verdigrunnlaget.